

Haugaland Avløysarlag SA



Me er der du er

Få den hjelpa du treng

Haugaland Avløysarlag skaffar kvalifisert arbeidskraft og sikrar deg som bonde den rette hjelpa når behovet er der. Me er garantien din på Haugalandet, og finn landbruksvikarar og helgeavløysarar både til akutte situasjonar og til avlasting. Me ordnar alt av papirarbeid og administrasjon – alt du treng som medlem er å gje oss beskjed om kva du har bruk for, så hjelper me deg å finna den rette avløysaren.

Landbruksvikar når sjukdom oppstår

Det er vanskeleg å spå når sjukdom eller akutte situasjonar oppstår, og som bonde kan ein ikkje legge frå seg arbeidet til alt er betre. Me tilbyr derfor landbruksvikarar til akutt assistanse. Avløysarlaget administrerer ordninga og syter for timeregistrering og juridisk ansvar. Me får stort sett alltid ein vikar på plass for deg, raskt og effektivt.

Helgeavløysarar for ein lettare kvardag

Å drive landbruk krev hard jobbing kvar einaste dag. Ein avløysar er til stor hjelp for mange, men det kan vere utfordrande å sikre at alle reglar og kontraktar er på plass. Me i Haugaland Avløysarlag utfører alt av papirarbeid: Lønnsfastsetjing, rådgjeving og rettleiing, utbetaling av lønn, skatt og rapportering.

Me arrangerer eigne kurs og har utdanningstilbod til avløysarar, då me ønsker å sikre at alle avløysarar på Haugalandet er kompetente og dyktige. Slik kan landbruket vekse og utvikla seg – og når bonden treng ei hjelpande hand.




Kven er me?

Haugaland Avløysarlag vart stifta 1. januar 2008 etter fusjon av laga i Karmøy, Vindafjord og Tysvær. I dag har me ansvaret for desse kommunane på Haugalandet:

- Karmøy
- Tysvær
- Vindafjord
- Bokn
- Haugesund
- Utsira

Hovudkontoret vårt er på Landbrukets Hus i Ølen, og me har eit avdelingskontor på Aksdal Senter.





Bli medlem

Det løner seg å vere medlem av Haugaland Avløysarlag. Bonden er oppdragsgjevar og har det praktiske ansvaret for vikararbeidet, men Avløysarlaget er den offisielle arbeidsgjevaren.

Haugaland Avløysarlag:

- Organiserer og formidlar alle typar avløysing tilpassa den einskilde bonden sitt behov.
- Er kontaktledd mellom bonden og avløysaren.
- Har arbeidsgjevaransvar for avløysaren og utfører lønns- og personalarbeid.
- Gjev automatisk avløysaren full yrkesskadeforsikring.
- Skaffar dokumentasjon av avløysarutgiftene i samband med søknad om avløysartilskot.
- Informerer bonden om rettane og reglane i velferdsordningane.

**Vil du gjere kvardagen din litt enklare?
Meld deg inn i dag!**





Haugaland Avløysarlag SA

Dreganesvegen 36, 5580 Ølen

Tlf: 995 88 999

E-post: haugaland.avloysarlag@n-lt.no

www.haugaland-avloysarlag.no

Takk til våre
annonsører!



KARMØY KOMMUNE



www.helgevold.com
52 76 60 00

Elkontroll Helgevold

Elkontroll gir deg en sikkerhet mot driftstans, uforutsette kostnader og billigere forsikring. Fremfor alt, det ivaretar sikkerheten til dyr og anlegg.

Vi leverer alt av elektrotjenester til gårdsdriften din, og er størst på gårdsalarm på Haugalandet med 20 års erfaring.

Elkontroll

NEK 405 1/2/3

Gårdsalarm

Elotec, Autronica,
Icas/drengen

Service

Alle typer
elektrotjenester

Kontakt oss i dag for elkontroll på ditt anlegg

HELGEVOLD
gruppen 
elektro - telecom - automasjon